



Formannskapet i Etne kommune v/ordfører

Etne, 27.11.2018

**Dykkar ref.:** **Vår ref.:**

Arkivsaknr:18/1321

Journalpostnr:18/11131

**Arkiv:**

N - 709

**Sakshandsamar:**

OIV

### **Delvis bompengefinansiering av Kvinnheradpakken - administrativ uttale frå Etne kommune**

Ein er svært lei for at denne saka ikkje er kome på den politiske dagsorden i Etne kommune. Det vert derfor ein administrativ uttale frå Etne kommune til saka om bompengefinansiering av Kvinnheradpakken:

1. Etne kommune er svært skeptisk til at bompengeinnkreving på ferjestrekka Skånevik – Utåker kan føre til endring av det etablerte trafikkmønsteret i området, særleg for pendlarar mellom Kvinnherad og Etne kommunar. Trafikken kan kome til å auke i Folgefonntunnelen. Det er ønskeleg å få vegvesenet si vurdering av konsekvensane for trafikkgrunnlaget på ferjestrekka Skånevik – Utåker/Matre.
2. Etne kommune rekner med at trafikken over Skånevik – Matre vil auke som følge av innføringa av bompenger. Strekka Matre - Omvikedalen er utfordrande - særleg vinterstid – og mindre trafiksikker enn strekka frå Utåker.
3. Fylkesveg 48 gjennom Etne kommune er minst like dårleg som Fylkesveg 48 gjennom Kvinnherad, og Etne kommune meiner at bompengeinnkreving for tiltak berre i Kvinnherad kan vere ugunstig for Etne kommune. Dette kan føre til at Etne kommune ikkje får høve til bompengeinnkreving på ferja for tiltak på Fylkesveg 48 i Etne kommune på minst 15 år. Kvinnherad kan såleis ta ifrå eller redusere sjansane for Etne kommune til å nytte slik finansieringsmodell.

Etne kommune ser behovet for opprusting av fylkesvegar i Kvinnherad, men er lite begeistra dersom tiltak i Kvinnherad kommune får uheldige konsekvensar for Etne kommune.

Etne kommune har ikkje uttalt seg til saka tidlegare fordi ein har fått signal om at innkrevjinga på ferja Skånevik – Utåker/Matre var teken ut av prosjektet.

Etne kommune meiner at Statens vegvesen må endra sine rutinar, slik at det vert tid til ein full høyringsrunde i bompengesaker, før saka får lokalpolitisk handsaming. Både kostnader og tiltak i bompengepakkar påverkar innbyggjarane i nabokommunane, og dei bør få høve til medverknad før vedtak vert gjort. Høyringsrundane bør i tillegg vere breiare enn gjeldande praksis, og alle nabokommunar og regionråd bør få saka til høyring.



Med helsing

Odd Inge Vestbø  
rådgjevar plan

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Kopi til:**

Hilde Aartun Haraldseide  
Hordaland fylkeskommune  
Samferdselsavdelinga  
Statens Vegvesen

Postboks 7900

5020

BERGEN

Region Vest

6863

LEIKANGER